



Religion, livssyn og etikk, fordjupingsstudium, nettstudium



Kunnskap om mangfaldet innanfor religion, kultur og livssyn er viktig og aktuelt i vår tid. Kompetanse på dette fagfeltet er først og fremst etterspurd i skulen og i kyrkja. Men også innanfor helsesektoren, i media og andre offentlege og private samanhengar trengst menneske som har kunnskapar om og innsikt i religions- og livssynsspørsmål, og som har dugleik i å formidle dette.

Studieinnhald

Studiet har eit obligatorisk og eitt valfritt emne, kvart på 15 studiepoeng: Obligatorisk emne: Fordjupingsoppgåve i religion og livssyn Valfritt emne: Livssynmarknad og livssynsdebatt (haust) eller Spiritualitet før og no (vår) Det valfrie emnet må takast før eller parallelt med fordjupingsoppgåva. Du kan ta emna på heiltid (eit semester) eller deltid (to semester) Les meir om emnet her

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga er nettbasert og organisert etter ein fastlagt kalender for leksjonar og innleveringar. Plan for utlegging av leksjonar og fristar for innlevering av oppgåver vert kunngjort ved semesterstart. Les meir om arbeidskrav, vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

I kombinasjon med ei lærarutdanning gir studiet kompetanse i undervisning i KRLE-faget i grunnskulen og RE-faget i den vidaregåande skulen.

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Årsstudium i religion, livssyn og etikk (60 eller 50 studiepoeng i KRL/RLE) eller tilsvarande.

Søknadsfrist: i

Lokalt opptak

Studiestart: Haust Vår

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no